



**Møteprotokoll  
for  
Plan- og kommunalteknisk utval**

**Møtedato:** 06.03.2019

**Møtestad:** Osterøy rådhus - heradsstyresalen

**Møtetid:** kl. 13.00 – kl. 15.35

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Atle Solberg	H	Utvalsleiar
Annbjørg Bysheim Herland	KRF	Medlem
Lars Fjeldstad	SP	Medlem
Silje Midtbø Vevle	MDG	Medlem
Ragnar Tyssebotn	FRP	Medlem
Torunn Åsheim	AP	Medlem
Øyvind Litland	AP	Nestleiar

**Følgjande frå administrasjonen møtte:** Rådmannen v/leiar teknisk forvaltning og utvalssekreteræren. Sektorleiar samfunnsutvikling møtte i starten av møtet.

**Sakliste**

Saknr	Tittel
017/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
018/19	Godkjenning av møtebok
019/19	Referatsaker og meldingar
020/19	Delegerte saker
021/19	58/1 - Krav om lovlegkontroll
022/19	104/33 - Bernes Indre - Søknad om dispensasjon til oppføring av naust
023/19	92/9 og 92/13 Hole - Søknad om dispensasjon - kai - handsaming av klage
024/19	79/21 - Bysheim - Søknad om dispensasjon - klage
025/19	111/40 - Raknes Øvre - Frådeling av tilleggsareal til 111/27 - søknad om dispensasjon
026/19	111/44 Øvre Raknes - Søknad om dispensasjon for oppføring av einebustad - handsaming av klage

## **017/19: Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Innkalling og sakliste vert godkjent.**

---

### **06.03.2019 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

Utvalsleiar viste til spørsmål frå sist møte og foreslo at desse vart teke opp i starten av møtet av omsyn til sektorleiar som må vidare til eit nytt møte.  
Det vart varsla nokre spørsmål til slutten av møtet.

-----  
Det var elles ikkje merknader til innkalling og saksliste.

#### **PL - 017/19 VEDTAK:**

**Innkalling og sakliste vert godkjent.**

---

## **018/19: Godkjenning av møtebok**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Møteprotokoll frå 06.02.19 vert godkjend.**

---

### **06.03.2019 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

Ragnar J. Tyssebotn, FRP viste til sak 012/19 der protokolltilførsel frå FRP vart avvist, og bad om å få ein merknad til protokollen om at det var feil å avvisa denne protokolltilførselen.

Utvalsleiar viste til utvalsreglementet § 22 om protokolltilførsel og merknaden vart avvist.

-----  
Det var elles ikkje merknader til utsend møteprotokoll frå 06.02.19.

#### **PL - 018/19 VEDTAK:**

**Møteprotokoll frå 06.02.19 vert godkjend.**

---

## **019/19: Referatsaker og meldingar**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**"Referatsakene vert tekne til vitande."**

## **06.03.2019 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

### **AVRØYTING**

Rådmannen sitt framlegg vart samråystes vedteke.

### **PL - 019/19 VEDTAK:**

**"Referatsakene vert tekne til vitande."**

---

### **020/19: Delegerte saker**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

**Melding om delegerte vedtak vert teken til vitande.**

## **06.03.2019 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

Torunn Åsheim, AP, tok opp ein generell kommentar til sakene. Innhaldet kan vera vanskeleg å forstå for søkerar, kan det skrivast noko enklare og tydelegare.

Rådmannen viste til skildnad mellom profesjonelle søkerar og privatpersonar. I saker med ansvarleg søkerar må ein leggja til grunn at denne forstår og kjenner regelverket. For privatpersonar kan innhald og regelverk vera vanskelegare å forstå. Ein vil ta innspelet med tilbake for å sjå på korleis det kan gjerast betre.

---

### **AVRØYTING**

Rådmannen sitt framlegg vart samråystes vedteke.

### **PL - 020/19 VEDTAK:**

**Melding om delegerte vedtak vert teken til vitande.**

---

### **021/19: 58/1 - Krav om lovlegkontroll**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**"Vedtak av 23.01.2019 saksnr. 005/19 vert oppretthalde og krav om lovlegkontroll av vedtak i plan- og kommunalteknisk utval 23.01.2019 saksnr. 005/19 vert send til Fylkesmannen i Vestland for handsaming, jf. kommunelova § 59, nr. 1 og 2.**

## **06.03.2019 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVÅL**

Utvålsleiar viste til tidlegare handsaming i saka og bad om gildskapsvurdering for Øyvind Litland, AP og Torunn Åsheim, AP. Han viste til at dei vart kjend ugilde i sak 005/19 som kravet om lovlegkontroll gjeld - dei fekk høve til å uttala om gildskapsspørsmålet for sitt vedkomande, men tok ikke del i møtet ved avgjerd om gildskap - Andrea Hartveit, AP, møtte som vara - 6 medlemmer/varamedlemmer til stades.

Avrøysting gildskap

Øyvind Litland	- samrøystes kjend ugild
Torunn Åsheim	- samrøystes kjend ugild

Vedtaket vart gjort med heimel i forvaltningslova § 6, 2. ledd .....Likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet; blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til. Det skal elles legges vekt om ugildhetsinnsigelse er reist av en part.

Utvålet viser også til Fylkesmannen si vurdering og konklusjon i gildskapsvurdering av desse utvålsmedlemmene i brev av 20.06.18.

---

### **AVRØYSTING - endeleg**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **PL - 021/19 VEDTAK:**

"Vedtak av 23.01.2019 saksnr. 005/19 vert oppretthalde og krav om lovlegkontroll av vedtak i plan- og communalteknisk utval 23.01.2019 saksnr. 005/19 vert send til Fylkesmannen i Vestland for handsaming, jf. kommunelova § 59, nr. 1 og 2."

---

## **022/19: 104/33 - Bernes Indre - Søknad om dispensasjon til oppføring av naust**

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

"Kommunen gjev ikkje dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6, 11-7, nr. 5, bokstav a og 11-9, nr. 5 til oppføring av naust på gnr. 104 bnr. 33, jf. plan- og bygningslova § 19-2."

**Grunngjeving:**

**Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert vesentleg til sidesett.**

**Omsyna i føremålsreglane i lova vert vesentleg til sidesett.**

**Etter ei samla vurdering er ulempene med å gje dispensasjon større enn fordelen.**

**Sjå i tillegg rådmannen si vurdering.**

## **06.03.2019 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

Atle Solberg, H, gjorde slikt framlegg til vedtak: "Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6, 11-7, nr. 5, bokstav a og 11-9, nr. 5 til oppføring av naust på gnr. 104 bnr. 33, jf. plan- og bygningslova § 19-2. Grunngjeving: Egedomen har ikkje vegtilkomst. Det er berre høve til å ta seg fram til hytta via gangsti frå Kleppsvåg, frå Bernes eller sjøvegen. Det let seg ikkje gjera å frakta tunge ting langs gangstien. Difor er dei heilt avhengig av eigen båt. Det er ynskeleg å leggja båten i naust om vinteren. Plassen naustet er tenkt lagt er svært steinete og vil ikkje vera ein naturleg plass å gå langs stranda. Stien ligg lenger inne på stranda. Søknaden er sendt på høyring til fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune. Det har ikkje kome merknad frå dei. Me meiner fordelen med å gje dispensasjon er klart større enn ulempene."

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, gjorde slikt framlegg til vedtak: "Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6, 11-7, nr. 5, bokstav a og 11-9, nr. 5 til oppføring av naust på gnr. 104 bnr. 33, jf. plan- og bygningslova § 19-2. Det vert og gjeve dispensasjon tilsvarande frå kommunen sin sjø- og strandsoneplan til dette tiltaket. Det vert ikkje gjeve løyve til sprenging i svaberg mot sjø. Sprenging av steinblokker vert tillate. Det vert elles gjeve løyve som omsøkt. Grunngjeving: Omsyna bak regelen det er søkt dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje til sidesett. Etter ei samla vurdering er fordelane med å gje dispensasjon større enn ulempene. Intensjonen med sjø- og strandsoneplanen er å sikre allmenn tilgang til sjøen og strandsona. Det er vesentleg for ei levande strandsone at eigarane får høve til å sikre båtar og utstyr slik at det råd å halde liv i strandsona. For denne egedomen er sjøvegen den einaste aktuelle vegen til og frå, då stien er bratt og lang. Ved å gje dispensasjonen er det med på å sikre at me har ei levande strandsone i Drangevågen. At området er i aktiv bruk vil og hindre attgroing og slik sett vere positivt for fellesskapet si oppleving av området. Me er likevel imot å gje løyve til sprenging i svaberg. Slik vil ein hindre at gjevarige sår i landskapet sjølv om bygget ein gong vert rive."

---

Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 14.35 - kl. 14.45 med gruppemøte for SP, AP, H, MDG og KRF

---

Torunn Åsheim, AP, gjorde slikt framlegg: "Saka vert utsett for synfaring."

### **AVRØYSTING - utsetjing**

Utsetjingsframlegget vart samrøystes vedteke.

**PL - 022/19 VEDTAK:**

"Saka vert utsett for synfaring."

---

**023/19: 92/9 og 92/13 Hole - Søknad om dispensasjon - kai - handsaming av klage**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

"Klage motteke 19.11.2018 vert ikkje teke til fylgje, vedtak av 17.10.2018 saksnr. 098/18 vert oppretthalde og saka vert send til Fylkesmannen i Vestland for vidaresending til Kommunal- og moderniseringsdepartementet for oppnemning av setjefylkesmann, jf. plan- og bygningslova § 1-9, jf. forvaltningslova § 33."

**Grunngjeving**

Kommunen har ikkje motteke nye moment i klagen som fører til at tidlegare vurdering og vedtak bør endrast.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering.

**06.03.2019 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

Silje M. Vevle, MDG, gjorde slikt framlegg: Klage motteke 19.11.2018 vert teke til følgje, vedtak av 17.10.2018 saksnr. 098/18 vert ikkje oppretthalde. Vedtak av 06.07.2018 saknr. 177/18, *Kommunen gjev ikkje dispensasjon føresegn punkt 1.13 i kommunedelplan for sjø- og strandsone og frå reguleringsføresegn § 2, punkt 2.3 i reguleringsplan Hosanger sentrum for planering oppføring av ny bryggje/kaifront på gnr. 92, bnr. 9 og 13, Hole, jf. plan- og bygningslova §§ 11-6, 11-9 nr. 5, 12-4 og 12-7, nr. 11, jf. § 19-2.* vert gjeldande.

**Grunngjeving:**

Ein kan ikkje sjå at tiltaket vil sikre allment tilgjenge frå sjø og land, då tilkomst vil vere gjennom eit lagerbygg som vil bli oppfatta som privat eigedom. Intensjonen bak tiltaket er god og i tråd med ønska utvikling i Hosanger. I eit langsiktig perspektiv vil det likevel ikkje vere mogleg å garantere for at ålmenta kan nyttiggjere seg av kaien, så lenge tiltaket er på privat eigedom. Tiltak av denne storleiken bør og handsamast i planprosessar for ikkje å undergrave kommuneplanen som styringsverktøy."

**AVRØYSTING**

**Alternativ avrøyting**

Rådmannen sitt framlegg	-	4 røyster (1H,1SP,1KRF,1FRP)
Silje M. Midtbø sitt framlegg	-	3 røyster (2AP,1MDG)

**PL - 023/19 VEDTAK:**

"Klage motteke 19.11.2018 vert ikkje teke til fylge, vedtak av 17.10.2018 saksnr. 098/18 vert oppretthalde og saka vert send til Fylkesmannen i Vestland for vidaresending til Kommunal- og moderniseringsdepartementet for oppnemning av setjefylkesmann, jf. plan- og bygningslova § 1-9, jf. forvaltningslova § 33."

**Grunngjeving**

Kommunen har ikkje motteke nye moment i klagen som fører til at tidlegare vurdering og vedtak bør endrast.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering."

---

**024/19: 79/21 - Bysheim - Søknad om dispensasjon - klage**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

"Helge Rød AS får ikkje medhald i klage motteke 31.01.2019, vedtak av 23.01.2019 saknr. 023/19 vert oppretthalde, og klagen vert send til Fylkesmannen i Vestland for handsaming, jf. plan- og bygningslova § 1-9, jf. forvaltningslova § 33."

**Grunngjeving**

Det har ikkje kome nye moment i klagen som fører til at kommunen sitt vedtak av 23.01.2019 saknr. 023/19 skal endrast.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering.

**06.03.2019 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

Torunn Åsheim, AP, gjorde slikt framlegg: "Saka vert utsett for synfaring."

**AVRØYSTING -utsetjing**

Utsetjingsframlegget vart samråystes vedteke.

**PL - 024/19 VEDTAK:**

"Saka vert utsett for synfaring."

---

**025/19: 111/40 - Raknes Øvre - Frådeling av tilleggsareal til 111/27 - søknad om dispensasjon**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**Plan- og bygningslova:**

Kommunen gjev ikkje dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7 til arealoverføring av om lag 360 m<sup>2</sup> frå gnr. 111 bnr. 40 til gnr. 111 bnr. 27, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

**Grunngjiving:**

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert vesentleg tilsidesettet.

Omsyna i føremålsreglane i lova vert vesentleg tilsidesettet.

Etter ei samla vurdering er ulempene med å gje dispensasjon større enn fordelen.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering.

**06.03.2019 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

Annbjørg B. Herland, KRF, gjorde slikt framlegg: "Saka vert utsett for synfaring."

**AVRØYSTING - utsetjing**

Utsetjingsframlegget vart samråystes vedteke.

**PL - 025/19 VEDTAK:**

"Saka vert utsett for synfaring."

---

**026/19: 111/44 Øvre Raknes - Søknad om dispensasjon for oppføring av einebustad - handsaming av klage**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

"Klage motteke 08.02.2019 vert ikkje teke til fylgje, vedtak av 25.01.2019 saknr. 033/19 vert oppretthalde og saka vert send til Fylkesmannen i Vestland for handsaming, jf. plan- og bygningslova § 1-9, jf. forvaltningslova § 33."

**Grunngjiving**

Kommunen har ikkje motteke nye moment i klagen som fører til at tidlegare vurdering og vedtak bør endrast.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering.

## **06.03.2019 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVÅL**

Øyvind Litland, AP, gjorde slikt framlegg: "Saka vert utsett for synfaring."

Rådmannen bad om forlenga saksbehandlingsfrist for saka grunna utsetjinga.

Utvalsleiar gjorde slikt framlegg: "Av omsyn til synfaring i saka vert saksbehandlingsfristen i medhald av byggesaksforskrifta § 7-3 forlenga t.o.m. veke 16."

### **AVRØYSTING - synfaring**

Utsetjingsframlegget med tillegg vart samrøystes vedteke.

### **PL - 026/19 VEDTAK:**

**"Saka vert utsett for synfaring. Av omsyn til synfaring i saka vert saksbehandlingsfristen i medhald av byggesaksforskrifta § 7-3 forlenga t.o.m. veke 16."**

---

### **Andre saker/spørsmål**

Sektorleiar Berit Rystad orienterte og svara på spørsmål.

#### **Kringastemma, Valestrand (spørsmål frå sist møte)**

Sektor leiar gav ei orientering om prosjektet , status og årsaker til forseinkingar på arbeidet. Nye utrekningar for flaum medfører strengare krav til dimensjonering av flaumleidningskapasitet og krav til stabilitet. Vald løysing for tappeluke vart ikkje godkjend av NVE/Norconsult. Det vert difor arbeidd med ei ventilløysing der leveringstida for denne førebels er sett til august/september. Etablering av fisketrapp medfører krav til vern mot utgraving av brufundamentet ved flaum. Den gamle gangbrua er teken vare på. Inntil Statens vegvesen har oppgradert veg og sykkel-/gangbru er alternativet å kjøpa eller leiga ei midlertidig gang-/sykkelbru. Ved kjøp kan denne seinare nyttast andre stader.

#### **Valestrand, løysing for busslomme ved skulen m.v. (spørsmål frå sist møte)**

Sektorleiar orienterte. Det er sett av midlar til prosjektet i 2019. Har blitt einig med SVV og Skyss om ny løysing. Denne inneber plass til «kiss & ride» på eige område, meir plass til busslomme og parkering. Må få utarbeidd teikningar, deretter prosjektering og anbodsinnhenting.

---

Det vart ikkje gjort vedtak i tilknyting til orienteringane.

---

Sektorleiar gjekk frå møtet etter orienteringane.

---

**Kloakk Lekneset m. fl. (spørsmål frå sist møte)**

Rådmannen v/leiar teknisk forvaltning gav slikt svar: I Lekneset/Skålvika i Haus er det både private og kommunale utslepp som ikkje har reining (slamavskiljar). Ved gamle Haus ferjekai er det eit kommunalt ureinsa utslepp. På Tysse er det ikkje reining på på kommunalt utslepp frå bustadfeltet Stormyra.

Elles i kommunen er det truleg ein del eldre hus som har ureinsa utslepp til sjø.

I budsjettet for 2019 og 2020 ligg det inne midlar på investeringsbudsjettet til tiltak for dei kommunale avlaupsanlegga på Tysse og Lekneset/Skålevika i Haus.

Ein har og planar om å laga ny kommunedelplan for avlaup. Det vert og arbeidd med ny forskrift for avlaupsanlegg.

---

Det vart ikkje gjort vedtak i tilknyting til orienteringa.

---

**Andre saker/spørsmål (slutten av møtet)**

Annbjørg Bysheim Herland, KRE, viste til Nasjonal trafikksikringskonferanse i Oslo 25. april og oppfordra om å senda deltakarar frå administrasjonen og frå politisk arbeidsgruppe for trafikksikringsplanen.

Rådmannen tek innspelet med seg tilbake til vurdering.

---

Til å skriva under møteprotokollen saman med utvalsleiar vart desse valde: Lars Fjeldstad og Silje Midtbø Vevle

Lonevåg, 07.03.19

Bente Skjerping  
utvalsssekretær

---

Atle Solberg  
utvalsleiar

---

Lars Fjeldstad

---

Silje Midtbø Vevle